

Søknad om tilskot "Medaasprisen", Lindås kommune:

| | | | |
|-----------------------------|--|----------------|--------------|
| Ansvarlig arrangør | Medaasprisen | | |
| Adresse | c/o Inge Glambek | | |
| Postnummer og sted | Wergelandsåsen 11, 5067 Bergen | LINDÅS KOMMUNE | |
| Telefon arbeid/privat/mobil | Inge Glambek: 91317476 | Klassering | |
| E-post | inge.glambek@haraldsplass.no | 13. 03. 2014 | |
| Kontonr. | Ivar Medaas-fondet, konto nr. : 3624 27 70026 | Ark. saksnr | Løpenr. |
| Organisasjonsnummer | | Saksh. | Tilgangskode |

Type arrangement

| | | | | |
|------------------|----|---------------------------|----|--------|
| Konsert (musikk) | JA | Forestilling (scenekunst) | JA | Annet: |
|------------------|----|---------------------------|----|--------|

Tilskuddsordningen det søkes fra. Kryss av kun én arrangementstype, samme arrangement kan kun søke en ordning:


| | | | |
|--------------|----|----------------|----|
| Profesjonell | JA | Lokalt/ amatør | JA |
|--------------|----|----------------|----|

Arrangementssted

Arrangementsdato

| | |
|---------------------------|----------------------|
| Nordhordland Folkhøgskule | Søndag 28. sept 2014 |
|---------------------------|----------------------|

Presentasjon av arrangementets kunstneriske innhold og av utøvere. (Detaljert beskrivelse/ dokumentasjon vedlegges):

| | |
|--|---|
|  | <p>Statuttar Medaasprisen</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Medaasprisen vart innstifta i 2000 av Bergen Nord Kammerkor etter ein ide av Per Jon Odeen og Bjørn Berentsen. Medaasprisen blei første gong delt ut 17.09.2000. 2. Medaaprisen blir årleg tildelt ein utøvande kunstnar som i Ivar Medaas si ånd tek utgangspunkt i lokale musikalske tradisjonar og som brukar eigen dialekt 3. Forslag til verdige kandidatar til prisen vert å melda skriftleg til styret for Medaasprisen. 4. Både einskildpersonar og grupper kan bli tildelt prisen. 5. Vinnaren blir kåra av styret i Medaasprisen 6. Medaasprisen skal delast ut under Medaaspriskonserten. 7. Styret for Medaasprisen har ansvar for kunstnerisk innhald av konserten, og kontakt og avtalar med dei aktuelle artistane. 8. Prisen skal delast ut kvart år . 9. Prisen er ein statuett i tillegg til prispengar p.t. på kr. 20 000. 10. Statuttane er vedtatt av komiteen 13.11.2013 og kan berre endrast gjennom vedtak i styret. <p>Styret for Medaasprisen er i 2014 slik samansett:</p> <p>Inge Glambek, Olav Kåre Vatnøy, Elin Hordvik, Yngvill Medaas Skogen, Alfred Kjerpeseth, Jan Spurkeland, Claus Sellevoll</p> |
|--|---|

Ivar Medaas

(født 9. april 1938, død 7. januar 2005)
frå Alversund i Lindås kommune.
Ivar Medaas var spelemann, visekunstnar og humorist i ei tid då Vestlandet var meir forbunde med religiøst svartsinn enn med lettbeint sjølvironi. Han var ein disharmonisk fuglesong, ein eksotisk inntrengjar, ein usofistikert fargeklatt, ein borgarskapets klovn.
Med gjennomslag utanfor heimetraktene, tilførte han kulturell identitet og sjølvkjensle til sitt eige folk. Det er inga lita sak for ein bondeson frå strilelandet. Ivar Medaas blei ein nasjonal figur.

PROGRAM

MEDAASPRISKONSERTEN 2014

Dag Lindebjerg – Konferansier

Gunnar Bjelland - Kapellmeister

Mads Eriksen - Gitarist

Vinskvetten - Revyartister

Kai og Tine Taule - Bassist og vokalister

Lydia Hoen Tjore - Vokalist

Tiriltunga barnekor - Vokalist

Øivind Vabø - Hardingfelespelar

Kari Medaas – Utdeling av *Medaasprisen*

Opplysninger om budsjett

| | | | |
|-------------|-----------|-----------|------------|
| inntekter: | kr 90 000 | utgifter: | kr 160 000 |
| søknadssum: | kr 30 000 | | |

| INNTEKTER | | UTGIFTER | |
|---------------------------------|------------|--------------------------------|------------|
| Billettinntekter | kr 90 000 | Honorar til artister | kr 70 000 |
| Salgsinntekter | | Leie av lokaler | kr 5 000 |
| Annonseinntekter | | Lyd, lys og annen teknikk | kr 30 000 |
| Andre tilskudd (også sponsorer) | | Markedsføring/annonsering | kr 20 000 |
| Andre inntekter | | Medaaspris, statuett og diplom | kr 30 000 |
| Søknadssum | kr 30 000 | Hotell + reise | kr 5 000 |
| Sum inntekter | kr 120 000 | Sum utgifter | kr 160 000 |

Medaaspriskonserteren er eit høgtidsarrangement til ære for Ivar Medaas og kulturarven etter han. *Medaasprisen* blir årleg tildelt ein utøvande kunstnar som i Ivar Medaas si ånd tek utgangspunkt i lokale musikalske tradisjonar, og som brukar eigen dialekt

Dei siste åra har Medaaspriskonserteren av ulike grunnar ikkje klart å halda eit så høgt produksjonsteknisk og kunsterisk nivå som prisen er verdig. Fleire av konsertane har også hatt dårlege publikumstal, sjølv med relativt profilerte prisvinnararar på scena.

Medaasprisen har difor valt å endra seg i organisasjonstruktur. Nye krefter og styremedlemmer er tatt inn i Medaaspris-styret. Medaaspris-styret vil også registerera seg som sjølvstendig frivillig organisasjon i Brønnøysundregisteret.

I 2014 vil Musikkens Venner bli ein viktig samarbeidspartnar, slik at prisutdelinga om kort tid kan bli eit verdig kvalitetsarrangement som tenar både kommune, region, samt Ivar Medaas sitt ettermæle.

Det er eit poeng at *Medaasprisen* blir delt ut under konsertarrangementet, og at sjølve konserten vert halden "norom brunæ". Etter fleire forsøk på å finna eigna lokaler i nær tilknytning Knarvik senter, har styret i "Medaasprisen" bestemt at Nordhordland Folkehøgskule best oppfyller dei tekniske -og kapasitetsmessige krava.

Vi håpar Lindås Kommune vil bidra med tilskot til dette viktige kulturarrangementet.

Vi lovar ein minnerik kveld.

| | |
|-------------------|--|
| Bergen 17/11–2013 | For styret i Medaasprisen, Claus Sellevoll |
|-------------------|--|